

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert óg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør vektleggje tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde.

Motsegn og klagerett

Det er ikkje krav om reguleringsplan etter plan- og bygningslova for tiltak der det krevjast konsesjonshandsaming etter vassressurslova. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i vassressurslova om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden.

NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.